Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: } Sandeid

Emne: Lauving Bygdelag: }

Oppskr. av: Jens Borretzen Gard:

(adresse): Sandeid G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle og
Eg er 80 år

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
etter gamle folk si frásegn.

SVAR

1. På dei gardar, der det er lauvskog har det vore - og er det vanleg at det vert lauva noko kvart år. Men det har vore minder litt på før enn no. Det ser ut til at høve til å kjøpe kraftfor har minka noko på lauvingi og likeens skort på arbeidshjelp endå folk er merksame på at lauv er godt for. Det vart lauva som vanleg i 1944-45.

2. Før var det so at ein lauva mest i høyballen, men no då slåtten fell tidlegare vert det helst etter slåtten i hundedagane.

Det er ask, raun, bjørk, hegg og vier ein nyttar. Or og osp held ein ringare. Lind og alm og selje vert halde for godt lauv; men her er lite av dei treslagi. Ein kallar arbeidet lauving og å lauva eller kjerving og å kjerva. „Me held på å lauva - kjerva"

3. Til å hogga av kvistene med nytta ein vanleg lauvkniv eller ein tjukk sigd. Ask er so skøyr at av han bryt ein kvistene. Her er det

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1565

fast arbeidstaue å hogge treet
ein vit hauva ned ved roti.
4. Det sleng enno nokre styvde ask-
stuvar og kanskje ei og annan
bjørkestuv; men dei vert ferre
og ferre for kvart år, då ingen
no „styve" eller „kjødla" trei.
Bjørkestuvane vart helst nytta
til å ta sveg (beit) av um vin-
ter og vår. Askestuvane helst
til skav (mork) men ask styvde
ein gjerne om hausten før
blada datt av og kjerva hau
og so skov ein greinene på
førvinteren. Ein styvde
også rauna og hegg til for ein
50-60 år sidan, det også for å få
„markaskog". Ein styvde trei
då dei var som ein stor kong-
stauv. (10-15 år gamle) Og seinare med 6-10 års
millomrom. Det var helst
for mork i ein styvde ask og
rauna og hegg og mindre for
lauvet, men dei var høgt verd-
sette. Eg veit um eit høve,
der skiftelina millom tvo
bruk vart gjort ein krok på
for at eine parten skulde få
3 askestuvar. Det var ein far
som skifte garden millom
2 av sønene sine.
Ein kalla det å styva og ein
brukar også ordet kjødla og
kjødlestuv.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5 Her i bygdi vert alt lauv teke
som kjerv og soleis vert det ikkje
nokko lauvrisping eller lauvtörk
på bakken.
Kjervane vert köyrde heim, helst
same dagen so dei ikkje skal dogg-
falla og so sette jamsides tett i
tett i eit lauvrom um ein har
det. Er det turt ver kan ein setja
fleire la uppå einannan
Ein set ogso kjerv kring bordtaket
uppå höistaden og so lör ein kora-
staden i midtrommet.
Har ein lite husrom eller
kjervar på stader der ein ikkje
kunde köyra sumarsdag set ein
kjerven i stakk. Ein set kjervar
rundt ein björk med „straken"
ned gjerne soleis at ein fær ein
flate so vid at ein kjerv fær
rekk frå midtstökka og ut til kan-
ten. So lör ein kjerv liggjande med
„straken" ut lag for lag gjerne
2-300 i kvar stakk. Er stakken
godt lagd, treng ein ingi um-
lägor. Torva eller anna tak
nyttar ein ikkje.
Kjervar vert talde i store
hundro = 120 - seks tjue hundro -
Sverlauv er ukjendt.
Kjervane frå stakkar nokko hei-
manfrå vert köyrd heim på
vinterföre. Ein må aldri la
kjervane liggja for lenge i sol
for då vert lauvet „skjört" og fell



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

av.
6. Sjå 5.
7. Dei som har lauvskog på inn-
marki og det har dei fleste
gardane lauvar helst der, for
det fell laglegare, og so vert
det lettare å få kjervane heim.
Karane hogg ned og hogg av
kvistane og kvinfolki batt
ihop kjervane.
8. Sjå 5 um uppevaringi.
Det er sau og geit som fær kjerv.
Dei som har mykje ask gjer skjr
av det. Ein reknar ein kjerv til kvar
sau. Er det uteganga for sauene
kjer ein gong til dagen og kvar
um morgonen. Er det innestøa
får dei kjerv 2 gonger.
9. Ask og alm, raun og hegg vert
rekna for beste til fôret, ask
aller best.
10. Her er ikkje nokko alm her
i byggdi. På summe gardar var
planta alm til tuntre. Det
var vel helst for borken til bygg-
ing av mjøl i naudår.
I Få ei bygd i Kvinnherad sa
ei kona at log av almelauv
var jamgod med mjøk til
kalvar.
11–15 Fell burt.

1565

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING